



Arkitekt Knut Willie Jacobsen
Lurevegen 304
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2478 - 18/27336

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

06.09.2018

Løyve til oppføring av tilbygg - gbnr 185/110 Isdal

Administrativt vedtak. Saknr: 468/18

Tiltakshavar: Torgeir Nordland

Ansvarleg søkjar: Arkitekt Knut Willie Jacobsen

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg/underbygg og utviding av altanar på einebustad, med bebygd areal (BYA) opplyst til å vere ca. 83 m². Utnytingsgrad etter aktuelle tiltak er opplyst til ca 19% BYA .

Det vert elles vist til søknad motteken 16.08.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.08.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Isdal og Gjervik ytre er definert som bustadføre mål.

Verken reguleringsplanen eller kommunedelplanen for Knarvik – Alversund inneheld informasjon om tillate grad av utnytting.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Kommunedelplan gjeld foran reguleringsplan for Isdal og Gjervik. Ihht. punkt 2.4 i kommunedelplan for Knarvik – Alversund kan det gjennomførast tiltak om det er teke høgd for følgjande:

- Kapasitet på infrastruktur som veg, vatn, kloakk og straum.
- Det er areal eigna til leik igjen på tomten etter tiltaket er gjennomført.
- Nye tiltak må vera tilpassa etablert bygningsmasse på eigen tomt og nabotomtar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 16.08. 2018.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaka påverkar ikkje forhold rundt vatn og avlaup.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Ingen endringar.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

I utgangspunktet skal også tilbygg og påbygg prosjekterast og utførast i samsvar med gjeldande forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. §29-5. Pbl.§31-2 opnar for unntak frå krava når det ikkje er økonomisk forsvarleg å oppfylle dei. Nye utvendige bygningsdelar (vegg, tak, golv,dørrar og vindauge) skal oppfylle krava i TEK 17.

VURDERING**Tekniske krav til byggverk**

Kommunen finn at vilkåra for å fråvika tekniske krav til byggverk er oppfylt når vilkåra i vedtaket elles vert følgd.

Plassering

Tiltaka vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaka har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av tilbygg/underbygg og utviding av altanar på følgjande vilkår:

1. Tiltaka skal oppførast og plasserast som vist i teikningar og situasjonsplan vedlagt søknad motteken 16.08.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Nye utvendige bygningsdelar (vegg, tak, golv, dørrar og vindauge) skal oppfylle krava i TEK 17.

Mynde

